



Alphapipe og Murerservice DA  
Søre Kråna 5  
6030 LANGEVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2266 - 15/22637

Saksbehandlar:  
Margit Rimeslåttan  
Margit.Rimeslatten@lindas.kommune.no

Dato:  
29.09.2015

## Løyve til rehabilitering av skorstein gbnr 38/19 Hodne

### Administrativt vedtak. Saknr:

**Tiltakshavar:** Mathias Davidsen

**Ansvarleg søkjar:** Alphapipe og Murerservice DA

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-3

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om rehabilitering av skorstein. Det vert elles vist til søknad motteke 20.05.2015.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggskontroll dokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved i e-post datert 18.08.2015 og 31.08.2015. Dokumentasjon vart motteke i e-post frå ansvarleg søkjar 21.08.2015 og 24.09.2015.

Ansvarleg søkjar og andre involverte føretak må registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffe tiltak for å unngå gjentakning.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 24.09.2015, og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

#### Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Føretaket **Alphapipe og Murerservice DA**, org.nr. 914401739, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK)**.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekkjer ansvarsområdet. Føretaket har lagt fram dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen si vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket og som gjev grunnlag for lokalgodkjenning for SØK.



Søknad om ansvarsrett for ansvarsområde (PRO) vert ikkje vurdert sidan det vert lagt til grunn ei preakseptert løysing for rehabiliteringa av skorsteinen.

Føretaket **Alphapipe og Murerservice DA**, org.nr. 914401739, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF) rehabilitering av skorstein**.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt fram dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen si vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket og som gjev grunnlag for lokalgodkjenning for UTF.

#### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav b vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for rehabilitering av skorstein på følgjande vilkår:

1. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
2. Det skal nyttast godkjente produkt og godkjente system for rehabilitering, jf. produktgodkjenning SINTEF 120-0235.
3. Skorstein må ikkje takast i bruk før ferdigattest, eventuelt når mellombels bruksløyve ligg føre, jf. pbl. § 21-10.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK), 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
<b>SØK</b>	<b>Alphapipe og Murerservice DA</b>	914401739	L	1	Rehabilitering skorstein
<b>UTF</b>	<b>Alphapipe og Murerservice DA</b>	914401739	L	1	Rehabilitering skorstein

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fv). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fv. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27 bokstav b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnummer: 15/2266.

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1 andre ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

### **Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
6.1	Kartbasis	1	500,-
10.2.6	Basisgebyr rehabilitering av skorstein	1	3.400,-
10.2.9	Godkjenning av ansvarsrett (b)	1	2.500,-
	Totalt gebyr å betala		6.400,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 sjetle ledd.

### **Klage**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnngjeven.

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar byggesak

Margit Rimeslått  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Mathias Davidsen

Hellebrekkene 36 5957

MYKING